Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 | Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Løten

Emne: Ymse åtkåtfôr. | Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Aksel Andersson. | Gard:

(adresse): Ådalsbruk | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I Røter.

SVAR

1. Ein kan segja det er slutt med å sanka røter. Det vart nok ikkje gjort noko av det i sista storkrigen heller. I dette hundreåret har det ikkje vore nemnande sanking.

2. Kveku-rot har vore kasta til grisene sumtid, til „tidtrøyte" når dei er ute i kvea si. Fersk, skyld kvekurot kan ein elles få sauen til å eta. Og ku som får ho i sørpa, bygg i seg kva det skal vera, når det er salta godt.

3. Kari Storsveen, Ådalsbruk, 91 år, nemner at i hennar tid grov dei upp mykje dåkkrot i åkeren, skylde ho og gav heile planten åt grisane. Dåkkrota eller smør-blomen er det same som krypsoleie (ranunculus repens). Dåkkrot-namnet er best kjent i Romedal, ser det ut til, og berre lite i Løten. (I Nordheidmarka kallar dei denne planten for „labbe".– Etter Ivar Aasen: Norsk Ordbog skal „tråuske" vera „dokkerot" eller „kvitrot". Desse andre nemningane er ukjende her.) B.

Nykkerose har ikkje vore nytta, so langt det er spurt.

1895

4. Dåkkrota hadde dei i eit trau, segjer Kari Storsveen, eller i flisfat, fortel R. Hekne. B

5-6. Nærare upplysningar vantar.

B. Bregner.

1-6. Bregner kan ikkje vore sanka til anna bruk enn til sengehalm (Kari Storsveen og andre). B

II Tang og tare.

Alle spursmål her fell burt.

III Anna plantefôr.

Saman med dåkkrot talar Kari Storsveen og døtterne hennar um dille (dylle, sonchus arvensis, i Nordheidmarka „dulle") og ung tistil som dei gav grisine. B.

Erterris kan ein gje både kur og sau, og so har ein potetriset, både det gröne, ferske som det er, og elles turka i låg til kua.

Um blekk sjå under V, s. 5.

IV Hestemòkk.

1. På Liltvål i Romedal åt kròtera hestmòkk dagstödt, fortel Kari Storsveen. So sant det fanst noko. Den tid ho var budeie – for 60-70 år sidan – var det jamt for lite höy åt buskapen. På Finstad t. d. hugsar ho at eit år hadde dei 16 lass höy åt 14 kyr. Der brukte dei like eins hestemòkk. Og dotter hennar, Tora Linjenær, Ådalsbruk, segjer at dei fòra grisine med hestemòkk på Nordbryn so seint som i 1905. (Frå Ringsaker fortel Nikolai Thon, 80 år og lærar h. v., B. B.

1895

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

at i 1907 fôra hushaldaren hans kua med hestemøkk og sagflis til naudhjelp. Det året vart det berre 10 lass høy på skulegarden hans.)

Men no er det nok slutt med slik fôring, og frå siste krigen er det ikkje spurt at nokon dreiv med det.

2. Hestemøkka vart helst gjevi i sørpe i lag med røsplanv og agner og tilsett salt. Kyrne gjorde seg godt av det, seggjer Peter Hekne, fôderåd smann i Romedal og 74 år. B

3. Grisene fekk likeins hestemøkk kokt med mjøl eller blanda med høymo, eller kokt med agner og turka potetgras. (P. Hekne fortel at grisene i Åsgardane i Vallset i hans ungdom fekk kugjødsel påstrøydd mjøl.) B.

Den kokinga som det her er tale på, var røynleg koking. Det vart kokt løg kvar dag i store bryggjepannor før i tida.

## V. Sørpefôr.

1. Ein høyrer mykje mindre om sørping no enn før; men heilt slutt er det nok ikkje, serleg på småstelle. Sørpa vart kokt i bryggjepanna, og var ikkje den i fjøset eller i nærleiken, laut dei bera løgen (det tunne, kokande vatnet) i såer og hella han i byttor eller større kjørel av tre: sørpesspann eller ombører, dersom ein då ikkje hadde alt uppi den same neven med ein gong.

2. Sørpe av korn, agner og vatn, eller

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1895

 

vatn med höy, litt mjöl, lauv, gras eller berre vatn og mjöl har vore vanleg. Havremjöl har vore mest nytta til sörping

(Når det gjeld sörpe med hestemökk i, peikar P. Hekne på at ein laut passa på å ta gjödsla frå jelker, ikkje frå merrar, so ein slapp å få med noko av det sterke avage.

B.

På bygg-agner slo dei berre kokande vatn.

3. Sörpa vart nytta lunken stödt, både til vanleg og i serhöve som ved bering og sjukdom.

4. Rognebær har vore nytta noko i lög åt ku. Elles turkar ein no bæra og gjev ho til hönone um vinteren.

5. Drank vert nytta på halmkakk i våre dagar, der dei ~~[illegible]~~ har brennerie aksjar, so dei kan få kjöpt noko.

So langt attende som då heimbrenning var lovleg, nytta dei vinteleg dranken attåt både sojlauv og anna simpelt fôr.

Kyrne likar dranken best når han er lunken.

6. Mask er det ingen som har no; men fyr i tida vart han nok nytta, den gongen maltöl-bryggjing var vanleg.

7. Lög på kvannestilk eller kvannerot höyrer ein ikkje um, derimot har lög på höymo, turka potetris og brenn-nesle vore vanleg.

1895

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## VI. Fiskeaufall.

1–7. Spursmåla høver ikkje her. Det einaste som kunde vera å nemna, er at sildaufall (av spekesild) kan nyttast til kur og sau, anten saman med høyet eller serskilt for seg.

### Tillegg.

### Blekk.

Under „Anna plantefôr" (III) skulde blekk (m) ha vore nemnt. Det er ein bladplante som både gamle og unge grisealasar har greie på. I andre bygdelag er namnet nytta både um hestehov, soleihov og myrkerose; men i Sørheidmark er meint myrkongle (calla palustris).

Heile planten med både stilk og blad og rotstakk vert hakka og kokt til grisene, anten åleine eller saman med brødmose. Dei giftige bora vert ikkje tekne med.

(Det er ein annan blekk òg, men den er ikkje vanleg, og vert heller ikkje samla inn: 3: bladblekk eller gjetblekk.)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1895